

Sjå adresseliste, lengst bak

Dato: 14.11.22
Vår ref: 21024/Siri Gausemel
Dykkar ref:

Varsel om oppstart – detaljregulering Berstadvatnet drikkevasskjelde, Stad kommune

Nordplan vil i medhald av plan og bygningslova §12-8 varsle oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Berstadvatnet drikkevasskjelde i Stad kommune. Plan ID 2022017

Stad kommune er tiltakshavar og Nordplan AS er utførende konsulent. Oppstart er annonseret i Fjordenes Tidende. Ufyllende informasjon er å finne på Stad kommune sine internetsider, www.stad.kommune.no, og på Nordplan sine sider <http://www.nordplan.no/>. Naboar og berørte partar vert med dette varsla direkte.


Bakgrunn for vald løysing

Stad kommune har kome til at Berstadvatnet er den mest aktuelle vasskjelda for eit større areal som inkluderer Selje -Kjøde og områda i mellom desse. Det kan også vere aktuelt å knyte på Flatraket.

Lokalisering og avgrensing

Planområdet ligg i tilknyting til Moldefjorden, ved rota av Stadhavøyra, i nær tilknyting til planområdet for Stad Skipstunell. Berstad om lag 5km frå tettstaden Selje i Stad kommune. Avstanden til kommunenesenteret Nordfjordeid er om lag 60 km langs veg.

Innanfor planområdet ligg ein bustad. Fylkesveg 618 går gjennom planområdet. Sjå planinitiativet i saka for nærmere informasjon om området og planarbeidet.




Avgrensing i sjø

Avgrensing i sjø er knytt til det som er nødvendig for å føre ledningane ut i fjorden på ein mest mogleg samla og forsiktig måte, grensa samsvarer med foreslått føremålgrense i kommunedelplan for sjøareala.

Avgrensing på land og i vatnet

Planen er avgrensa i naturlege eigedomsgrenser og langs Berstadelva i nedre del. Resten av planområde er knytt opp i mot utkast til trasé for ledningsnett, som identifisert ved synfaring september 22. Det er lagt inn slingringsmonn langs traséen mellom vatnet og renseanlegget for å kunne fange opp ev. tilpassingar med bakgrunn i flaumzone langs Berstadelva. Det er ved annonsering inkludert ein stor del av sjølve Berstadvatnet. Dette er gjort for å ta høgde for installasjonar i samband med plassering av inntak i vatnet. Plassering avheng av inntaksdjup og er foreløpig ikkje avklara. Det er også eit poeng å gjere grunneigar og rettighetshavarar merksame på at det vil vere aktivitet i vatnet i samband med etableringa. Samla areal for heile planområdet er om lag 440 daa, av dette ligg 280 daa på Berstadvatnet. Planområdet i vatnet vil mest truleg verte mykje redusert og avgrense seg til utløpsområdet.



Annonsert plangrense

Tilhøvet til planverk

Kommuneplanen sin arealdel


Gjeldande plan i området er kommuneplanen sin arealdel (KPA).

Nedslagsfeltet til Berstadvatnet ligg i kommuneplanen sin arealdel inne med omsynssone H110, Nedslagsfelt drikkevatn. Føresagnene til planen seier: *Omsynssone H110 omfattar eksisterande drikkevasskjelder med nedslagsfelt.*


Hovuddelen av planområdet på land ligg på areal avsett til LNF, og ein stor del av området er markert med faresone for ras og skredfare (H310). Store deler av området er også markert med omsynssone for friluftsliv (H530)

Kommunedelplan sjøområde

Kommunedelplan for sjøområda i Stad kommune vart vedteken i februar 2022 og er no integrert i kommuneplanen som gjeld for Stad kommune. Deler av planområdet for vassverket omfattar areal som er regulert kommuneplanen, sjå utklipp under.



Overordna inntrykk – kommunedelplan for sjøarealet i Stad kommune, henta frå fylkesatlas. Planområdet er markert med blå farge.



Utklipp kommunekart – Stad.


Ved sjøen er kartet meir detaljert, denne delen hører til kommuneplan for sjøområda. Det lilla området er avsett til fritids og turistformål, framtidig (BFT21). Ei lita stripe langs fylkesvegen er sett av til kombinert bebyggelse og anleggsformål, framtidig (BKB12). Nedre del av planområdet er også markert med hensynssone for friluftsliv (H530). Langs sjø ligg ei faresone som indikerer ras og skredfare (H310). og ved munninga av Berstadelva er det markert ei omsynssone for bevaring naturmiljø (H560) i lag med faresone flaum (H320). Sjøområdet nærmast land er avsett til naturområde (NO).

Nærliggende reguleringsplanar

Området grensar ikkje inn i mot andre planområde, reguleringsplan for Stad skipstunnel ligg like aust for planområdet. Ein kjenner ikkje til at det er starta opp andre planarbeid som kjem i direkte berøring med vassverket sin plan, men detaljregulering for Lesto og for Pelagia sitt anlegg ved Moldestad legg til rette for aktivitet som vil trenge vassforsyning.

Konsekvensutgreiingar

Arealet eller tiltaket er ikkje konsekvensutgreidd på høgare plannivå.



Planområdet er illustrert med blå strek, i lag med gjeldende reguleringsplanar i nærområdet, utklipp frå Fylkesatlas.

Andre førande dokument

Planar på høyring

Temoplanar for vatn, avløp og overvatn 2023-2034 - Stad kommune. (Norconsult August 2022)

Utførte registreringar

Norconsult

Norconsult har på bestilling frå Stad kommune utarbeidd berekning av vassforsyningsskapasitet, Oppdragsnr 52101499 – Berstad -02, datert 2022-04-01, og notat Selje vassverk. Ny vasskjelde Berstadvatn og utvida vassforsyning i Moldefjorden Oppdragsnr 52101499 – Berstad 01. Sitat: (Berstad 02)

Sammendrag/konklusjon

I forbindelse med vurdering av mulig regulering av Berstadvatnet i Stad kommune, er det gjort beregning av vannforsyningsskapasiteten ved ulike reguleringshøyder for magasinet. Ettersom fremtidig vannbehov er usikkert, er kapasiteten beregnet for to scenarier. Med dimensjonerende vannbehov på 15 l/s, anbefaler Norconsult å etablere en regulering på 0,05 m. Hvis forsyningskravet økes til 25 l/s, bør en regulering av Berstadvatnet økes til 0,10 m. Oppgitt kapasitet gjelder for et gjentaksintervall på 50 år.

I de foreslalte reguleringsgrensene ligger det en sikkerhetsmargin. Denne er lagt til for å ta høyde for usikkerheter i beregningene, et eventuelt ønske om større sikkerhet mot tørke enn 50-års gjentaksintervall, samt til usikkerhet knyttet til den fremtidige utviklingen i klimaet vil ha for tørkeperioder.

Detaljer er gitt i rapporten.

Fjordvarme

I samband med nærmere prosjektering for tiltaket har Fjordvarme i lag med Nordplan/AFRY gjort kompletterande berekninger og analyse i samband med utbygging av Berstad vassverk. «Komplettering og gjennomgang forstudie utbygging Berstad vassverk, 14.11.22». Som del av dette arbeidet har ein valt å auke vassmengder noko og reguleringshøgde på vatnet er auka til 20 cm.

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF)

«Vegen over Berstadeidet. Ei natur og kulturhistorisk undersøking langs den gamle ferdelsvegen i kommunane Selje og Vågsøy», Rapport 4/96, Inger Eikeland Flåten og Ingvild Austad.

Anna

Her er også to lenker til utfyllende informasjon om utgreiingar som er gjort i samband med utviklinga av Stad skipstunnel som prosjekt. Desse rapportane vert nytta for utfyllende informasjon om t.d. marinbiologisk mangfold og vassdrag.

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/hoyringar/2022/09/stad-skipstunnel---kystverket-sokjer-om-loyve-til-utslepp-fra-anleggsverksem/>

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/hoyringar/2022/09/stad-skipstunnel---kystverket-sokjer-om-loyve-til-mudring-dumping-og-utfylling-i-sjo/>

Undersøkingar som er under arbeid

Prosjektering av tiltaket vil skje parallelt med planarbeidet, for å sikre den framdrifta som er nødvendig med tanke på oppstart for Stad skipstunnel.

Forholdet til konsesjonsplikt

Nordplan v/Arne Steinsvik har meldt inn tiltaket til NVE for vurdering av konsesjonsplikt. Søknaden ligg inne til handsaming.

Undersøkingar som er under arbeid

Prosjektering av tiltaket vil skje parallelt med planarbeidet, for å sikre den framdrifta som er nødvendig med tanke på oppstart for Stad skipstunnel.

Forskrift om konsekvensutredninger (KU-forskrifta)

Det er ved gjennomgang av KU-forskrifta ikkje identifisert problemstillingar som det er behov for å drøfte i eit konsekvensutgreiingsarbeid. Det er ikkje er identifisert behov for tunge vurderingar eller fleire eksterne rapportar i saka. Med bakgrunn i vurderingane som går fram av planinitiativ/planprogram og gjennomgangen frå oppstartsmøtet legg ein opp til å skildre

verknaden av planen som del av planomtalen og vurdere dei aktuelle tema som ein del av ein grundig planomtale og ROS-analyse. Det er lagt opp til at planinitiativ i saka også tener som eit forenkla planprogram.

Meir utfyllande informasjon om planarbeidet går fram av planinitiativet som er utarbeidd i saka.

Innspel til planarbeidet

Det er høve til å kome med innspel/merknader til varsel om planoppstart. Alle skriftlege innspel vil bli vurdert og kommentert i saksframstillinga. Når eit framlegg til reguleringsplan er utforma, vert dette behandla av Stad kommune, med sikte på utlegging til offentleg ettersyn. Det vert høve til å kome med merknader til planen også ved offentleg ettersyn.

Merknader eller innspel til planarbeidet skal vere skriftlege, og sendast:

på e-post til: sg@nordplan.no

ev. i brev til Nordplan AS, Pb 224, 6771 Nordfjordeid, med kopi til Stad kommune, post@stad.kommune.no, eller til Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid.

Frist for innspel er sett til **onsdag 27.12.22**

Med helsing
for Nordplan AS

Siri Gausemel


Siri Gausemel
Arealplanleggar

Mottakarar

Offentlege høyingspartar		
Instans:	Adresse:	E-post:
Statsforvaltaren i Vestland		sfvlpost@statsforvalteren.no
Vestland Fylkeskommune	OBS! Også som grunneigar	post@vfk.no
Mattilsynet		postmottak@mattilsynet.no
Statens Vegvesen, region vest		firmapost@vegvesen.no
NVE, Region Vest		rv@nve.no
Linja AS		kundesenter@linja.no
Kystverket		post@kystverket.no
Fiskeridirektoratet		postmottak@fiskeridir.no
Selje regionale pilegrimssenter	v/Tonje Ramse Trædal	selje@pilegrimssenter.no
Telenor Kabelnett		kabelnett@telenor.com
Stad kommune	Avsendar ber om at saka vert distribuert til relevante representantar i organisasjonen	post@stad.kommune.no
Moldestad-Lillesalt og Saltjakt og grunneigarlag	Salt, 6740 Selje	
Norges kystfiskarlag		post@norgeskystfiskarlag.no
Nordfjord Fiskarlag	v/Njål Aarsheim	njaalaarsh@hotmail.com
Sogn og Fjordane Fiskarlag	henriette.skaar@fiskarlaget.no	sognfjordane@fiskarlaget.no
Sogn og Fjordane Småfiskralag	c/o Ottar Nygård, Pernesvegen 23, 6717 Flatraket	
Ytre Nordfjord Turlag		ytre.nordfjord.turlag@gmail.com
Naturvernforbundet Sogn og Fjordane	(Pb 691, 6801 Førde)	sognogfjordane@naturvernforbundet.no

Lokale høyingspartar (grunneigarar og rettigkeitshavarar)	
Namn	Gnr/bnr
Per Helge Helgesen	266/1 + 267/3
Arvid Eltvik og Ann Kristin J. Eltvik	266/2
Herman Berstad og Sølv Belden Berstad	266/3
Olav Lesto	266/4
Inger Johanne Hole	266/5
Hans Berstad	266/6
Finn Lützow-Holm Myrstad	266/7
Bård Hammersnes Myrstad	266/7
Boukara Sami Ben og Boukara Sabine S. Ben	266/12
Vestland Fylkeskommune – e-post, sjå over	266/14
Elen Susann Hoddevik og Frank Helge Hoddevik	266/17
Gunn R. Vårdal Helgesen	266/19
Grete Elin B. Steinsåker	266/20
Jan Kåre Hatlenes	267/1 og 4
Dag Austring	267/5
Eva Johanne Gjengedal	268/1
Hilde Margrethe Gjengedal	268/1
Runa Gjengedal	268/1
Gerd Gjengedal Hansen	268/1
Åse Gjengedal Knudsen	268/1

Partar med interesser i private vassverk i området	Gnr/bnr
Namn	
Isak Rutledal og Helga A. Helgesen Rutledal	
Ruurd Johannes De Jong	
Roger Eugen Aabo Haugen og Saltanat Haugen	
Synnøve Lesto og Svein Lesto	



Varslinga av grunneigarar og rettigheitshavarar er basert på uttrekket over

Vedlegg sendt til mail- mottakarar

- Planinitiativ/planprogram, datert 07.11.22
- Referat frå oppstartsmøte, datert, 06.10.22
- Referat frå informasjonsmøte med grunneigarane 09.11.22

Denne informasjonen finn de også på www.stad.kommune.no, og på Nordplan sine sider www.nordplan.no. Om de ynskjer det kan de også hente dokumenta fysisk på Innbyggjartorget, Selje kommunehus, Nabben 80, 6740 Selje. (Opningstid: Måndag–fredag kl. 09.00–15.30.)